



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8778 - 21/81548

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2021

Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 170/3 Vatne

Tiltak: Søknad om dispensasjon
Byggjestad: Gbnr 170/3
Tiltakshavar: Ranveig Vatne

Saka gjeld søknad om deling og dispensasjon frå arealdelen av kommunedelplan for Lindås (KDP) for oppretting av ny bustadtomt rundt eksisterande kårhus. Kårhuset vart bygd i 1972.

Gbnr 170/3 er registrert med eit areal på omlag 356 daa i matrikkelen. Det vert søkt om oppretting av tomt på omlag 800 til 1000m².

Søknad om deling er nabovarsla i tråd med plan- og bygningslova § 21-3. Det ligg ikkje føre nabomerknader. Det er ikkje nabovarsla at det vert søkt om dispensasjon. Det vert sendt ut mangelbrev der dette vert påpeika.

Huset er oppgjeve tilkopla offentleg vatn. Det er ikkje gjort greie for veg/ avkøyrsløse og avløpsløysing. Dette vert påpeika i mangelbrev. Etter avtale med sækjar sender me søknad om dispensasjon frå arealformål i KDP til uttale. Dispensasjonssøknaden vert handsama for seg dersom ikkje tilleggsinformasjon er motteken innan dispensasjonssaka er klar for handsaming.

Aktuelt areal er i hovudsak klassifisert som bygd i NIBIO sitt gardskart.


Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til LNF formål i kommunedelplan (KDP) for Lindås. Området er omfatta av omsynsone landbruk, H510_oL30.


VURDERING

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen i KDP for frådeling av bustadtomt og bygging av bustad i LNF området.




Figur 1 Frå situasjonskartet.



Figur 2 Oversiktskart. Blå ring syner plassering av tomt.



Figur 3 Ortofoto 2020



Figur 4 Gardskart

Søklar sin argumentasjon for at det skal gjevast dispensasjon:

Har eigen tilkomstveg, minimalt med dyrka mark går med, tilknytt offentleg vatn og det er ingen turstiar e.l. i området. Frådelling vil derfor ikkje få konsekvensar for friluftsliv. Heller ikkje drift av garden vil verta påverka.

Å få redusert bygningsmassen på garden vil vera viktig for å få til generasjonsskifte på garden og dermed sikra drift av garden frametter.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad datert 12.10.2021.

Vurdering

Omsøkt frådelling synest å vera ledd i generasjonsskifte på garden. Det er tenkt å halda frådelt hus i familien. Far til søkjar har burett i huset i dag. Det er ingen garanti for at huset vert i familien i framtida. Forholda kring ulemper med å ha ein fritt omsetteleg eigedom med tilkomstveg gjennom tunet på garden må vurderast. Omsøkt parsell er ligg innanfor omsynsone landbruk i kommunedelplan for Lindås. Landbruksinteressene er derfor viktige faktorar i vurderinga om det skal gjevast dispensasjon.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ranveig Vatne	Vatne 43	5912	SEIM
---------------	----------	------	------

Mottakarar:

Kultur			
Landbruk	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN